

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



BARNET

Jeg vandret på villstrå i verden,
mitt følge var smerte og tvil,
men DU er den røst som skal rope
meg heim fra vegløse mil.



Fra mørke i morslivet kom du:
et selsomt, forklaret bud
fra verdener bakenfor denne,
fra livet og håpet og Gud.

Du ser på meg, blidt og stille-
da undres jeg over at ord
som Angsten og Hatet og Hevnen
er kjent av noen på jord.

Så lenge et hjerte skapes
hellig og rent som ditt,
skal mennesket tro og håpe
trass alle tap det har lidt.

Jeg løfter deg, barn som en visshet
mot skjæret av Ragnarok-rødt:
I lyset av regnbuens løfte
blir barnet-vår frelser-født.

HANS BØRLI



Hamar biskops andakt til menighetsbladene

Julen 2016



Det var sent da Maria og Josef ankom den lille byen Betlehem. De slitne føttene fikk endelig hvilt seg da de fant husrom i den enkle stallen. De hadde reist langt – ja, nesten hele 150 km til fots. Den unge Maria var gravid, og kanskje var det ikke helt enkelt å hanskkes med et esel heller. Men da stjernen kom opp på himmelhvelvingen og tonene fra englesangen hørtes, ble nok utslitt-heten fylt av glede over det lille barnet som ble født. Da Maria og Josef la i vei for å la seg innskrive i manntall, visste de ikke at de satte i gang en bevegelse som spredte seg fra denne lille byen og ut til alle verdens hjørner. En bevegelse som også nådde oss her i nord. Denne bevegelsen fortsetter å berøre, utfordre og avdekke. Det er en bevegelse fylt av budskapet om barmhjertighet og nestekjærighet som kaller oss til å formidle dette i ord og handling.

Mange av dem som har utsmykket kirkene rundt om i verden er også tydelig berørt av fortellingen om den lille hellige familie. Øverst på mange altertavler finner vi engler; og det er derfor treffende at det er fra alteret at nettopp ordene «Ære være Gud i det høyeste» lyder i våre gudstjenester. Dette er med på å understreke lyset og stemmen fra evigheters evighet, og slik holde fast på at evangeliet alltid er større enn det vi fatter dybden av. Dette er det godt å ha med seg inn i høytiden og inn i det nye året.

Nederst i en krybbe i en stall er det lille Jesusbarnet: Guds kjærighet. Englene synger fortsatt: «Frykt ikke!» De vet at vi trenger det mer enn noen gang.

Velsignet julehøytid og godt år 2017!

Solveig Fiske
BISKOP

SIDAN SIST:

- har vi forretta vår fyrste messe ved Mariaikonet i Slidredomen, ei historisk hending! Vi har flytt litt om på benkane, og ein kveld det var lite folk, hadde vi ei fyrste oppleving der. Ei fin stund som syner at side - altaret kan nyttas ved særlege høve. Kom innom å sjå ein sundag, då vel... Det er vakkert!
- har soknepresten gått ut i pappapermisjon og Terje Eklund er tilsett som prestevikar ut mars. I soknepresten sitt fråver går vesperen ut.
- har Caroline Synvis diverre slutta i trusopplæringa. Jobben hennar vil bli lyst ut att saman med kyrkje-verjestillinga utpå vinteren. Vi takkar for jobben ho har gjort og kjem til å sakne henne.

Sokneprestvikaren hilser

Jeg har gjennom flere år gjort prestedtjeneste i Vestre Slidre. Nå er det en god stund siden sist, men fra 1. oktober og frem til 1. april skal jeg fungere som sokneprestvikar i Ola Døhls pappa- permisjon. Jeg gleder meg over å være tilbake i Vestre Slidre, hvor jeg møter igjen mange kjente ansikter og noen ukjente, foruten gode medarbeidere.

Det siste året har jeg gjort tjeneste i Hallingdal prosti, hvor jeg også er godt kjent etter å ha virket der med jevne mellomrom. Før vikariatet i Hallingdal var jeg tre år på Ringerike. I sommer var jeg gravferdsprest i Sandefjord der vi har hytte. På

fjorten dager forrettet jeg åtte begravelser. Store kontraster sammenliknet med Vestre Slidre hvor det bare er to-tre gravferder i løpet av en måned.

Men jeg har så visst også andre oppgaver å utføre: Gudstjenester, dåpssamtaler, konfirmantundervisning, sjukeheimen, fengslet, møter og besøk. Om noen ønsker samtale, besøk eller nattverd i hjemmet, er det bare å kontakte meg på telefon 975 31366.

Så vil jeg ønske alle en velsignet julehøytid og et godt nytt år!

Terje Eklund

Gammelpresten på besøk

I høst hadde jeg besøk i Ulnes av min gode venn Sigmund Lindekleiv. De siste årene har vi hatt en kveld eller to på Hilmebøl hvor vi dyrker vår felles lidenskap; klassisk musikk, har gode samtaler og nyter bordets gleder. Det ble også en kjøretur gjennom Vestre Slidre, slik at Sigmund skulle få gjense sitt gamle prestegjeld. Underveis kjørte vi opp til Erik og Kirsten Rostbøll på Kvitsyn, der vi ble tatt vél i mot. Det ble et hyggelig gjensyn for Sigmund og Rostbøll-folket. Vi fikk en stille stund i Noahs Ark med derpå følgende kaffestund og en god prat.

Jeg vet det er mange som husker tilbake med glede på tiden Sigmund Lindekleiv var sokneprest i Vestre Slidre, fra 1985-1993. Han hadde stort engasjement for menighetsvekst, og hans forkynnelse var solid forankret i det evangelisk klassiske kirkesyn. I mars rundet Sigmund de 70 og på Maria budskapsdag tok han avskjed med Fagerborg menighet etter åtte års virke som sokneprest der. Sigmund og Kari er bosatt på Voksen i Oslo, og Sigmund vil gjennom menighetsbladet hilse til alle kjente med ønske om en god julehøytid.

Terje Eklund



Sigmund Lindekleiv utenfor Noahs Ark sammen med Erik Rostbøll og Terje Eklund. (Foto Kirsten Rostbøll)

Frå førre året sitt «Vi syng jula inn i Røn» saksar vi følgjande:

Hvis ingen går i fella ...

En adventsbetraktning av Trine Geicke Kolbjørnshus

«Dette har jeg aldri gjort før, så det klarer jeg helt sikkert,» sier Pippi. Nå er det jeg som sier det. For nå skal jeg gjøre noe som jeg ikke har gjort før. Jeg skal holde noe som LIGNER på andakt. Men jeg får lov til å gjøre det på min måte. Og nå står jeg her og lurar på hvordan jeg skal få det til.

Hvordan skal jeg klare å åpne ordene i stedet for å lukke dem, slik at du får lyst til å følge med, ja, kanskje til og med ikke helt kan la det være. For her er det jammen mye fint folk og mange aldre. Hvordan skal jeg klare å fange dere i ett, og likevel snakke om jul? Det er jo ikke nok å komme med musevisa her, akkurat. Hva betyr det egentlig å gå i fella? Kanskje vet du det og mere til – når dette er over.

Nå har vi handlet gaver, mange gaver, dyre gaver, og gaver som vi slett ikke trenger. Så har vi vaska rundt, og vi har bakt så mange slags kaker at småfuglene skal få litt på nyåret.

Mormoren min hadde et lys i en stake, hun, og et lite vers som det lyste av. Jeg husker det glade ansiktet hennes, da hun leste juleverset. Hvem fikk gaven hennes?

Julen hennes var ikke fattig, pleide hun å si. Hun hadde ikke hatt fattig jul noen gang hun, sa hun – enda de ikke hadde nåla i veggen. Men fattige, nei det var de ikke. Ikke i jula. En gang fortalte hun oss ungene om

«BARN JESUS HOS DE UNDERJORDISKE»

– Han satt i gresset og lekte, og så kom det ei marihøne og satte seg på hånden hans. Jesusbarnet hørte hva marihøna hvisket: «Bli med, bli med- så skal du få se.» Dermed brettet den ut vingene og fløy. Men Jesusbarnet løp etter, der marihøna fløy foran – først over en bekk, så gjennom en skog og til slutt til en bergvegg.

I bergveggen var det en sprekk, der slo marihøna vingene sammen og krøp inn. Barn Jesus krøp etter, for han kunne gjøre seg så liten han ville.

«Bak bergveggen bodde dvergfolket,» fortalte mormor. «Tusen år eller mer hadde de holdt til der inne, gamle, grå og skrukkete var de blitt. Krokete i knærne, krumme i



ryggen. Men gull, sølv og edle stener- ja, det hadde de nok av. Og nå kom de- ut av kroker og kriker og ringet seg nysgjerrig om Jesusbarnet. Noe så lyst og vakkert hadde de nok ikke sett,» fortalte mormor. «Og nå begynte de å danse og hoppe rundt Jesusbarnet i bare glede.

Midt under denne leken var det en av de små, grågamle som kom borti Jesusbarnet. I samme stund begynte huden hans å glatte seg og bli lys og skjær – som på et menneske. Og nå ville alle sammen at Jesusbarnet skulle komme nær dem. Og det gjorde han gjerne, kan du skjønne. – Han klappet dem på kinnet og strøk dem over hår og hender. Alle ble liksom forynget da Jesusbarnet rørte ved dem. Slik holdt de på en god stund.

Tiden gikk og nå begynte moren hans, som du nok vet heter Jomfru Maria – å bli litt engstelig. Hvor hadde barnet hennes tatt veien?

«Har dere sett barn Jesus,» spurte hun fiskene i bekken. «Mener du Gudsbarnet, ja, så vadet han over her,» svarte fiskene.

«Har dere sett barn Jesus,» spurte hun trærne i skogen. «Mener du Guds barnet- ja så løp han gjennom her,» svarte trærne.

Til sist kom hun til bergveggen og møtte mariehøna. «Har du sett Guds barnet,» spurte hun. «Titt gjennom sprekken her,» svarte mariehøna.

Da kan det nok hende at Jomfru Maria gjorde store øyne. For der så hun barnet sitt stå- midt mellom dvergfolk og underjordiske. Nå hadde de fått velsignelsen og takket for det- attpå til. Han skulle få en bukk av dem til å leke med, sa de.

«Men vi må nok tilbake til menneskenes verden,» sa Jomfru Maria. Og Jesusbarnet fulgte lydig med.

Morgenen etter sto det en bukk bundet ved døren der Barnet bodde. Det var en gave fra dem som holder til bak stein og torv,» sa mormor.

Nå først tente hun lyset:

«O høye barn vi venter deg,

o, høye barn vi venter deg.

Med fryd og sang og harpeklang,

med fryd og sang og harpeklang,» sang mormor.

Det var Jesusbarnet hun ventet på, skjønner du nok. Hun visste at menneskene ikke ville huse ham. At han ble født i stallen, blant dyrene. Slik ble det kanskje riktig likevel, på en måte.

«Han kom til sine egne, men hans egne tok ikke i mot ham, står det», sa mormor. «Hva er det som gjør at de ikke klarer å ta i mot,» spurte jeg, og holdt på hjertet mitt.

«Hue deres står liksom i veien,» sa far, han kom inn fra stua. «Folk skulle tenke litt mere som diktera. Dem vil bare stikke hue sitt inn i himmeln for å la seg inspirere, dem liksom. Helt annerledes blir'e med dem som trur 'em må tenke logisk på detta og. Det er da hue deres står i veien. Dem vil liksom ha hele himmeln inn i hue sitt dem, og det er deres hue som går i stykker.»

Da lo mormor og jeg ropte: «Er det det som er å gå i fella?»

(«Barn Jesus hos de underjordiske» er etter Dan Lindholm.)

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

Vikar: 01.10.16 – 01.04.17: Prestevikar Terje Eklund. Tlf. 97531366 – E-post: terje eklund@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjevevjerje
Eldbjørg Myrvang Wiknes	61345098 45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarbeidar Klokkar i Lomen sokn. Klokkar i Slidre sokn
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn sokn
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar i Slidre sokn
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar i Slidre sokn
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn Ringjar i Slidre. Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje

«At du er født herinne i hjertets dype grunn!»

I 1732 vart det gjeve ut eit lite hefte i den sør-danske byen Tønder. Tittelen var ikkje den mest slagferdige verda har sett, men relativt informativ. På forsida kunne ein lese *Nogle Julesalmer, Gud til Ære og kristne Sjæle, især sin elskelige Menighed, til Opmuntring; til den forestaaende glædelige Julefest enfoldig og i Hast sammenskrevne af H. A. B.*» Diktaren var den unge hjelpepresten i Tønder, Hans Adolph Brorson, som på den tida var 38 år. Brorson vart seinare domprost og biskop i byen Ribe i Danmark, men for oss er han mest kjend som salmediktar. Dette vesle heftet han gav ut i 1732 inneheld sju julesalmar, og av dei sju er det fire salmar som er mykje brukt i Noreg i dag, nemleg «I denne søte juletid», «Her kommer dine arme små», «Den yndigste rose er funnet» og ikkje minst «Mitt hjerte alltid vanker».

Brorson var ein del av den kristendomstypen som vi kjenner som *pietismen*, og som har prega deler av norsk kyrkjeliv heilt sidan Hans Nielsen Hauge. Pietismen opererte med to typer menneske. På den eine sida hadde ein dei som berre brydde seg om det som skjer på jorda, dei som ikkje var omvende. På den andre sida fann ein dei som *var* omvende, og som retta blikket mot himmelen og det evige livet. Desse skulle ikkje bry seg med jordisk moro – slikt var utan verdi. Heile juleheftet er prega av denne tankegangen, ikkje minst i den fyrste salmen «Bort verdens julegleder». Kort fortalt handlar denne salmen om at folk må slutte å gå på puben i jula og heller bry seg om Jesu fødsel – kort oppsummert i strofa «Hvor kunne noen mene, som har naturlig sans, at man sin Gud kan tjene med syndig drikk og dans?» Altså: Ikkje eit menneskje som har noko som liknar fornuft, kan meine at det sømer seg å feire jula på puben, eller med lystige lag, for den saks skuld.

Innafor denne horisonten er det altså vi finn opphavet til «Mitt hjerte alltid vanker». Korleis kan ein salme frå eit slikt salmehefte appellere til mange i dag? For det fyrste har salmen ein melodi, ein svensk folketone, som er svært vakker og uttrykksfull. For det andre så trur eg det er vesentleg at teksten fokuserer på kva ein *skal* gjere, ikkje kva ein skal unngå. Her handlar det om den einskilde sitt møte med den forunderlege Julebodskapen, og korleis han skal gjere det til noko viktig i livet sitt.

Dei to fyrste strofene er innleiinga til teksten. Den som syng seier at hjartet skal befinne seg i stallen, «i Jesu føderom» – og at den kristne skal samle konsentrasjonen om det som skjedde der i jula. Gjer han det, skal lengtinga hans

stillast, og han skal finne den verkelege skatten, *Jesusbarnet*. Her blir den mørke stallen til den kristne sitt slott. Her ser vi sporet av pietismens tankegang – det verda ser som målet – slottet – er ikkje viktig. For den som har blikket vendt mot himmelen, veit at underet skjer i ein liten stall, sjølv om dei uomvende kanskje spottar han for det.

Etter desse to strofene følger tre strofer der diktaren mediterer over det forunderlege – at den himmelske kongen vart fødd som eit lite, ubeskytta barn. Diktaren spør: Kvifor bur du ikkje i utsmykka salar, går med fine klede, får alt du vil ha og let alle kongar kysse handa di? Kvifor brukte du ikkje heile himmelen som telt, stjernene som faklar og englane som vakter når du vart fødd? Og når fuglane og dyra på jorda har hus og krypinn på jorda, kvifor skal da *Gud* vere den som gøymer seg i ei lånt krybbe? Han som har all makt er altså forvist til ein framand stall – som eit ubeskytta barn?

I møte med alle desse spørsmåla blir diktaren nærast motlaus – kvifor skal Gud gjere seg så utsett? Så kjem løysinga: Det vesle Jesusbarnet må inviterast inn i hjartet på den enkelte kristne og gøyme seg der. Plutseleg har det vorte slik at hjartet ikkje berre skal konsentrere seg om kva som skjer i stallen, men det har sjølv vorte ein stall – fødestaden for Jesus. Jesus vel ikkje å busette seg i jordisk prakt, men i eit audmjukt hjarte. Når det skjer, er den kristne klar til å vie livet sitt til Jesus – «for deg, for deg alene jeg leve vil og dø». At Jesus bur i hjarta gjev mennesket den gleda det djupast sett lengtar etter – når Jesus er «født herinne i hjertets dype grunn.»

Teksten er altså ei inderleggjering av juleevangeliet – ei inderleggjering i ordets bokstavlege meaning. Historia om Jesu fødsel blir noko som skjer inne i menneskehjarta. Kvifor er det så mange som likar ein tekst med slike bilete og slik teologi? Eg veit ikkje om eg har noko godt svar på det, men eg trur kombinasjonen av tekst og melodi er viktig her. På same måte som teksten er innovervend, kan ein seie det same om melodien, ein roleg, lågmælt folketone som mange er glade i. Og kanskje er det, trass ein avstand på snart 300 år, noko med språket som er kjend. Kulturen vår er full av tekstar om lengting og om å ofre seg og overgje seg sjølv til den store kjærleiken. Om vi ikkje er vande til å bruke eit slikt språk i ein religiøs samanheng, så kjenner vi oss kanskje att likevel?

Are Alund
kantor

Mitt hjerte alltid vanker

av H. A. Brorson (1732)

Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,
der samles mine tanker som i en hovedsum.
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt;
jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt!

Den mørke stall skal være mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære å glemme verdens spott.
Der kan med takk jeg finne hvori min ros består,
når Jesu krybber minne meg rett til hjertet går.

Men under uten like, hvor kan jeg vel forstå
at Gud av himmerike i stallen ligge må!
At himlens fryd og ære, det levende Guds ord,
skal så foraktet være på denne arme jord!

Hvi skulle herresale ei smykket for deg stå?
Du hadde å befale alt hva du pekte på.
Hvi lot du deg ei svøpe i lyset som et bånd,
og jordens konger løpe å kysse på din hånd

Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt
og stjernefakler brenne, å store himmelhelt?
Hvi lot du frem ei lyne en mektig englevakt,
som deg i silkedyne så prektig burde lagt?

En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo,
en svale må ei bede om nattely og ro,
en løve vet sin hule hvor den kan hvile få -
skal da min Gud seg skjule i andres stall og strå?

Akk, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø,
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledes stund,
at du er født herinne i hjertets dype grunn!

Hausttakkefest med meir ...

Den niande oktober var det fleire ting som sto på programmet ved gudstenesta i Røn kyrkje. Det var hausttakkefest, vikarprest Terje Eklund blei innsett og 4-åringane i Vestre Slidre vart inviterte til å motta kyrkjebok.

Sundagsskulen, som var med og song, gjekk inn i prosesjon med kvar sin frukt/grønnsak til hausttakkebordet. Dei song nokre songar i saman med trusopplærar Caroline Synvis, medan nokre songar blei leia av sundagsskulelærer Hilde Nybråten Berg. Magnhild Skjel las opp eit velkomstbrev til Terje frå biskopen. Etter gudstenesta vart det kyrkje-kaffe.



Den sekstende oktober var det hausttakkefest i Lomen kyrkje. Fleire av 6-åringane i Vestre Slidre var møtt fram for å gå i prosesjon inn i kyrkja med bidrag til hausttakke - bordet. Seinare i gudstenesta mottok dei kyrkjeboka si.



Søndagsskule i Lomen og samtale med Leif Homme

Det er søndag 6. november – snøen la seg i går - eit kvitt lag ligg og glitrar, ja, det er kaldt ute, men inne på arbeidsrommet i Lomen kyrkje er det lunt og godt. Eg er blitt ønskt velkomen av Leif Homme. Han har gjort i stand og sit og førebur seg på tema for dagen. Så kjem Joan med famnen full av kake, og etter kvart kjem dei, både barn og vaksne.



Vi følgjer alle godt med – det er både interessant og spennande å høre Leif fortelje.

Tema denne dagen er vår neste og forteljinga om Den barmhjertige samaritan – Denne forteljinga er ei av Jesu likningar og står i Lukas 10, 25-37. Jesus fortel denne likninga for å vise kven som er vår neste, og korleis vi skal vere mot vår neste. Bodskaen er: ”Du skal elske nesten din som deg sjølv”.

Det betyr igjen at vi skal sjå til at nesten vår har det godt, og vi må hjelpe han når han treng det.

Leif viser oss først på eit kart kvar handlinga i forteljinga går føre seg – Ein mann er på veg frå Jerusalem til Jeriko. Jeriko ligg ved Dødehavet og det er omtrent så langt frå denne byen til Jerusalem som frå Lomen kyrkje til Fagernes, 35 km, men vegen er bratt, han stig med 1000 meter og går gjennom eit tørt og livlaust landskap. På vegen blir mannen overfallen av røvarar og blir liggjande hjelpelaus. Både ein prest og ein levitt går forbi utan å hjelpe, men så kjem ein samaritan forbi, og han hjelper den stakkars mannen.

Leif fører oss så over til dagen i dag. Kan denne likninga fortelje oss noko om menneska i vår tid – og stiller så spørsmålet: Kven er nesten min i dag? Det må jo vere familien, naboar og venner, kjem vi fram til. Men kan andre vere nesten min – ein eg ikkje kjenner? spør Leif. Vi tenker på forteljinga og svaret må bli ja. Kan nesten min vere ein som er slem mot meg? Ja, han og. Kan nesten min vere ein i eit anna land? Ja, for alle menneske er nesten vår.

Dette fører oss over til flyktnings situasjonen i dag – vi må gjere så godt vi kan for å hjelpe flyktingane både ute i verda og dei som kjem til bygda vår. Vi samtalar litt om flyktingane. Ta vare på dei du kjenner og dei du møter som ikkje har det så godt, er konklusjonen før vi får utdelt ein del oppgåver.



Oppgåveløysinga er tydeleg populært.

Og så kjem noko av det beste – Joan ber oss inn til eit dekket bord med tente lys, og etter at vi har sunge ”Å du som metter liten fugl” får vi sjokoladekake, saft og kaffe. Slik er det kvar gong, men Joan fortel at kakebakinga går på omgang mellom foreldra.

Vi samtalar og eg får høyre litt med Ingrid, Malin, Håkon, Marte, Audun og Nils om kva som er fint med søndagsskulen. Dei synest dei får lære så mykje nytt og på ein

måte som gjer det lettare å forstå. Dei lærer forteljingane på ein annan måte, seier dei - Leif får det ned og gjort det forståeleg - det er også lettare å forstå og hugse forteljingane når ein får illustrert dei så godt. Og så er det fint å vere saman og høyre på forteljingane. Eg får også høyre at dei har juleverkstad dei to siste sundagane i advent der dei lagar mykje fint til jul. Det gjer dei også til påske. Ingrid Røvang er kreativ leiar og fortel at dei også elles i året driv med ymse aktivitetar og forming.

Leif fortel at dei har ein del aktivitetar også ute – dei har skirenn og så har dei kyrkjevandring kvar vår, både inne og ute på kyrkjegarden, dei går også opp i tårnet – mange synest det er spennande.

Leif synest det er viktig at vi blir kjende med kyrkja vår så tidleg som mogleg, og at vi føler at kyrkja er vår.

Det er så viktig for fellesskapet i ei bygd at kyrkja finst som ein samlingsplass både i glede og sorg – og i kvar-dagen.

Skal vi rekruttere nokon til kvardagsgudsteneste, må vi begynne med søndagsskulen.

Det sentrale i kyrkja er Jesus. Eg har alltid vore oppteken av og fasinert av Jesus, og det eg er så oppteken av må eg fortelje andre. Dei som ikkje får vite det sentrale i Jesu liv går glipp av noko veldig viktig – viktig for alle menneske og for den kulturarven vi skal føre vidare.

Ord, bilde og begrep som har ein kristen bakgrunn er

viktig å vite noko om for å forstå tida vi lever i. Får vi sett det inn i den rette samanhengen, betyr det meir for oss.

Gjennom arbeidet i kyrkja får ein ei positiv haldning til ting, og ein får lyst til å gjere meir. Eg kan aldri slå meg til ro med at vi har gjort nok. Vi får aldri hjulpet alle, men vi må gripe den anledningen vi får.

Det er meir einsamheit i nærmiljøet enn vi kanskje trur, så vi bør bruke nokre timar på å besøke den som sit åleine.

Søndagsskulen er snart ferdig for i dag, men Leif vil ha med litt meir på tampen.

Han fortel at søndagsskulen får tilskot frå kommunen, frå banken, takkoffer frå kyrkjelyden og frå frifondmiddel.

Søndagsskulen er kvar 14. dag kl 10.00 i arbeidsrommet nedst i tårnet i Lomen kyrkje.

Lomen er søndagsskule også for Slidre – alle er velkomne, også foreldre og besteforeldre – det er fint å vere saman om dette. Det må eg seie meg einig i – det har vore så hyggeleg og interessant å vere med - eg unner fleire ei slik god stund.

Ingrid seier og at søndagsskulen er veldig bra, og ho synest det er imponerande med all tid som Leif bruker på alle andre.

Ja, eg tenker og på alt han har gjort for ungdomane i bygda gjennom ungdomsklubben Måndagstreff på Kvams-hall. Det har han halde på med i ein mannsalder – og der er det som det alltid har vore, fullt.

L.V.

Open kyrkje sommaren 2016

Slidredomen var open onsdagar og laurdagar i sommar, frå onsdag 29. juni til laurdag 6. august. Medlem i pensjonistlaget og sanitetslaget var vakter – to kvar veke hadde vakt frå kl. 11.00 til kl. 17.00 desse dagane.

Vi har prata med vaktene, og dei har fortalt om bra besøk, gjennomsnittleg 15 til 30 personar kvar dag. Dei meiner det er viktig for bygda å halde fram med denne ordninga, og får ein gjort han meir kjent, så vil endå fleire finne vegen til kyrkja. Nokre ynskte og at kyrkja skulle vere open fleire dagar i veka, t.d. fredagar då ein del denne dagen hadde kome til stengt dør.

Vaktene syntes det var både morosamt og interessant å vise fram kyrkja til dei besøkande. – Vi var stolte over å kunne vise fram noko så flott – dette er kyrkja vår! Vi lærte og mykje ved berre å vere i kyrkjerommet, fekk verkeleg tid til å sjå oss om. Dessutan var det lagt fram bøker, brosjyrar og kort med mykje interessant stoff om kyrkja – ein del var og til salgs.

Vi møtte mange hyggelege menneske frå inn- og utland, heldigvis er det laga gode brosjyrar på fleire språk. Vi var

hyra inn som vakter, men det vart faktisk ein del guiding og, men kvir ein seg for det, held det med å dele ut brosjyrar.

Vi anbefaler fleire å melde seg som vakter neste sommar – det er både hyggeleg og interessant å vise fram den flotte kyrkja vår.

L.V.



Det var spennande å sjå kyrkja frå preikestolen.




BARNAS SIDE




Finn vegen til Jesusbarnet i krybba!

Labyrint



Prikk til prikk



Finn 5 feil

Teikningar: Karoline Andersen

Det var ikkje ledig rom i Betlehem til Josef og Maria.

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonner på barnebladet

BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar og goyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

En pilegrim i kvardagen

Føtene er såre. Ryggen verker. Når vi er framme, har vi lagt bak oss 170 kilometer. Kan eg klare det?

Av Knut Aastad Bråten

Eg tek den nødvendige sistesjekken før vi dreg. Det meste er klart, men noko skurrar. Ikkje alt er slik det burde vere. Det er som om motivasjonen er på eit botnnivå. Kanskje kjem turen brått på? Kvardagen slepper liksom ikkje taket, og klamrar seg fast som flakkande blikk og overdriven fikling med iPhone. I hovudet surrar deadline og jobbavtalar. Har eg hugsa å melde ifrå til skribentane? Best å ta med PC. Kan hende finst straumuttak langs ruta. Aldri godt å vite.

*

Vi er mange. I 2014 vart det registrert nær 250 000 pilegrimmar i den spanske pilegrimsbyen Santiago de Compostela. Pilegrimsturane har fått ein renessanse, også i Noreg. I dag finst seks offisielle pilegrimsruter, og fleire uoffisielle, blant dei pilegrimsleia gjennom Valdres.

Kva vil det seie å vere ein moderne pilegrim i dag? Mennesket har gjennom alle tider søkt helsebot og sjelefred gjennom å gå, men kan hende er motivasjonen for å legge ut på reise annleis i dag enn den gongen? For mange dreier det seg enno om sjelefred, men også om sjølvutvikling og ei annleis kulturoppleving. Har Gud blitt borte på vegen?

Eg er ikkje ukjent med det å vere pilegrim. Eg har gått leia gjennom Valdres ein gong tidlegare, i 2013, og veit kva vi har i vente av store natur- og kulturopplevingar. Samstundes ynskjer eg å vere open for det som måtte skje undervegs. Eg ber på ein spirituell lengt. Er Gud i nærheita?



Det er godt å kjøle beina sine ...

I fellesskapen mellom oss? Gud er stor, har vi lese, men også diffus, vanskeleg å nå. I staden samlar eg på augeblikk, og gjer meg tankar undervegs om det å vere menneske: Om å setje ein fot framføre den andre. Om fordommar og forventingar. Om tid og om å ta seg tid. Om små glimt av store hendingar.

*

Du har sikkert kjent på forventingane i møte med det nye og ukjente: denne motsetningsfulle kjensla av glede innkapsla i frykt og redsle. Inntil du står midt i det: Samvær er gjekk ikkje så ille likevel. Foten svikta ikkje. Dei andre i følget var korkje slik eller slik.

Dagane før pilegrimsturen: Mest av alt kvir eg meg til praten, at vi må gje av oss sjølve, snakke ut om korleis vi har det, dele kjensler og magekjensler. Slike ting. Eg ser for



Solglans som skjelv



Den moderne pilegrim.

meg damer i femtiåra, som plaprar om skilsmisser og strikkebøker, om utruskap og kjærleiksdrama. Men det var fordommane. Ikkje sjeldan er dei på kollisjonskurs med røyndomen. Ofte er verda annleis enn kva vi trur og tenkjer om ho. Og gjer det eigentleg noko om nokon ynskjer å skravle?

Turen er lang og krevjande, men ikkje verre enn at det er mogleg å gjennomføre han for ein middels sprek 40-åring. Eg skal konsentrere meg om å flytte den eine foten framfor den andre. Men det skal gjerast. I åtte dagar. Når vi er ved målet, har vi lagt bak oss 170 km. Dessutan veit eg kva eg går til, så eg gjev pilegrimsturen ein ny sjanse og let grublinga sigle sin eigen sjø.

*

Den fyrste bakken går greitt, men tempoet er høgt. Eg bestemmer meg for ta det med ro. Ingen grunn til å kave seg opp. Vegen er målet, kviskrar eg stilt. Vi går på traktorvegar og grusvegar, stigar og over blaute myrdrag. Bak meg høyrer eg sukk og pesing. Ein av pilegrimane har dårlege sko, kjem det fram. Vatnet har byrja å piple inn i dei holete joggeskoa hennar.

Dei høge forventningane til pilegrimsturen er der framleis. Turen vil by på sterke og minnerike opplevingar. Det veit eg frå sist gong eg var med. Førebels er hovudet mitt oppteke av andre enkle, basale og livsnødvendige behov: Eg tenkjer på varme klede og turre sko, på halsvarmar og superundertøy, mat og dorullar – og set Gud og kjenslelivet på førebels vent.

*

Det er overvekt av godt vaksne folk her. Det kjennest i grunnen greitt. Den mentale alderen min korresponderer ikkje alltid med dei biologiske fakta. No og då føler eg meg som 63. Andre gonger er eg 25. På papiret er eg nettopp 40.

Den umiddelbare tillita som oppstår mellom to som vil kvarandre vel, som vågar å by på seg sjølv. Eg får raskt kontakt med fleire av vandraran. Elisabeth har vore med på turen gjennom Valdres tidlegare. I pausane snakkar vi om det som engasjerer oss: ytringsfridom og psykisk helse. Og hijab. Temaa er djupe og har eit alvorleg drag over seg.

Då er det annleis med Odd. Han er med i arrangementskomiteen, køyrer madrassar og hjelper til med alt førefallande. Vi møtest med fleip og humor, og mykje latter. Snakkar om slekt og gard. Ein dag gjev han meg ein blome. Forgløymmegei.

*

Vi er midtvegs. Framfor oss ligg Fagernes – med kjøpesenter, kafear, kommunehus og attkjennande kvardagsliv. Eg kjenner tørsten etter kaffi og bolle, lette sko og Facebook.

Ein representant frå kommunen møter oss på Skiferplassen. Deler ut is og fortel om tenestetilboda i kommunen. Vi takkar for serveringa og kvitterer med pilegrimssongen vår, den keltiske velsigninga om livsvegen og vona om ei rik avling å hauste.

Det er regn i lufta, så eg tek på meg regncapen, tettar meg til slik at berre andletet stikk fram. Sidan legg vi i veg, ut av bygdebyen og sivilisasjonen, forbi kafear, COOP og bensinstasjonar, tilbake til stigane og røyndomen der vi etter kvart kjenner oss heime. Har eg funne livsvegen?

*

Vennis: Det står ein slåttekar utpå eit jorde. Han snur seg mot oss, nikkar og helsar på framandfolket. Det er tydeleg at han vil slå av ein prat. Den eldre mannen bur ikkje her, forstår eg, men lenger sør i bygda. *Dette* er berre ein gamal plass, ei utslätte, men høyet må inn.

Praten går om arbeid og slått, lastebilar – og om bestefar. «Eg skifta dekk på bilen til bestefar din mang ein gong.» Den eldre mannen tygg på eit strå, og fortel historier eg aldri har høyrte. Over oss er skyfri himmel. Det er varmt og stille. Dei andre pilegrimane er ute av syne. Eg takkar for praten, og hastar vidare.

Eg vart aldri kjent med bestefar min. Han døydde nokre år før eg kom til, og eg har få referansar å halde meg til. Historiene og forteljningane frå slåttekaren er med på å danne eit omriss av kven han var. Så veit eg litt meir.



Møtte ein slåttekar undervegs ...

Kor mange gonger har det ikkje slått meg: dei tilfeldige møta. Dei som berre oppstår. Ein framandkar langs ein bygdeveg. Augeblikksmøte.

*

Pilegrimane helsar kyrkjene på sin eigen måte. I gamal tid tok dei tre rundar rundt kyrkjebygningen før dei tok av seg hatten og andektig steig over dørstokken. Dagens pilegrimmar tek framleis av seg skyggelua, men nøyer seg med éin runde.

Kyrkjene er høgdepunkt langs pilegrimsvegen. Det er hit vi skal. Dei er kvileplassar for trøytte kroppar og søkjande sjeler, og samlingsplass om den daglege liturgien. Presten gjentek formularane sine. Sidan song og andakt, og tre slag på eit triangel, før vi pakkar sekkane og vandrar vidare. Bak oss syng kyrkjeklokkene farvel og på gjensyn.

Liturgien tek ikkje stor plass, men blir ein meningsfull overbygning gjennom turen, ein raud tråd, eit mentalt driv-

stoff, det som får kroppen og hovudet til å tenke og verke endå betre.

*

Valdres skjerpar sansane. For nokre år sidan blir desse tre orda det nye slagordet for Valdres. Sansane skulle skjerpast, vart det sagt. Og det var i Valdres det skulle skje. Men har sansane betre kår her enn andre stader i landet? Luktar det betre av blomane i Valdres enn på Kapp?

Eg gjev sansesnakkett ein god dag. Inntil i sommar. Inntil eg sjølv står midt i det, så å seie. Naturen er vakker, forunderleg – og magisk. Langs grusvegen på Vennis i Vang slår det mot meg ei varm, søt lukt av markjordbær. Smaken av barndomsminne. Det er som om eg ser klårare, lukta blir sterkare. Eg set meg ned, plukkar og et. Dei sterke inntrykka er alle stader.

*

Feginsbrekka. Du finn ikkje namnet på kartet, men endeleg er vi her. Og langt der framme, som ein prikk i landskapet ser vi målet: Tomas-kyrkja. Det er hit vi skal. Bak oss ligg myr og skog, gnagsår og blaute sko. Og kva tenkjer ein då? Føtene er overraskande fine, kroppen har endeleg kome i form. Det er som om eg kan halde på i fleire dagar til. Men hovudet gjev motstand. Ei ubestemmeleg kjensle av vemod og lette, og alt ein kan klare, om ein vil, og ein tek seg god tid. Prøv.



Mo kyrkjeruin.

«Aldri før i kjent historisk tid har det eksistert en epoke da sjelene har vært så utsatt for farer som nå, over hele jorden.»

(SIMON WEIL)

MESSELISTE

frå julaftan 2016 til påske 2017

Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste		Takkoffer
24.12.16	Lomen kyrkje	Julaftan	14.00	Familiegudsteneste	Prestevikar Terje Eklund	Frelsesarmeen
24.12.16	Slidredomen	Julaftan	15.00	Familiegudsteneste	Prestevikar Terje Eklund	Redd Barna
24.12.16	Røn kyrkje	Julaftan	16.00	Familiegudsteneste	Prestevikar Terje Eklund	Frelsesarmeen Fagernes
25.12.16	Slidredomen	1.juledag	11.00	Høgtidsmesse	Prestevikar Terje Eklund	Soknerådet
26.12.16	V.S.sjukeheim	2.juledag	11.00	Høgtidsmesse på sjukeheimen	Prestevikar Terje Eklund	
2017						
01.01.17	Øyjar kapell	1.nyårsdag	11.00	Nyårsmesse	Prestevikar Terje Eklund	Soknerådsarbeid
15.01.17	Lomen kyrkje	2.s.i Kr. op.	11.00	Høgmesse m. dåp	Prestevikar Terje Eklund	Redd barna
22.01.17	Slidredomen	3.s.i Kr. op.	11.00	Høgmesse m. dåp	Prestevikar Terje Eklund	Soknerådsarbeid
29.01.17	Røn kyrkje	4.s.i Kr. op.	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund	
05.02.17	Slidredomen	5.s.i kr. op.	19.30	Kveldsmesse	Prestevikar Terje Eklund	Barne- og ungdomsarbeid
12.02.17	Øyjar kapell	Såmann søndag	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund	
12.02.17	Lomen kyrkje	Såmann søndag	19.30	Kveldsmesse	Prestevikar Terje Eklund	Kirkens nødhjelp
26.02.17	Slidredomen	Fastelavn søndag	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund	
01.03.17	Slidredomen	Oskeonsdag	19.30	Oskeonsdagsmesse	Prestevikar Terje Eklund	Soknerådsarbeid
05.03.17	Lomen kyrkje	1.s.i fastetida	11.00	Familiemesse. Søndagsskuleskirenn	Prestevikar Terje Eklund	Søndagsskulen i Lomen
19.03.17	Røn kyrkje	3.s.i fastetida	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund	
26.03.17	Slidredomen	Maria bodskapsdag	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund	Frelsesarmeen i Valdres

Vi tek atterhald om endringar i messelista. Sjå «Det skjer» i avisa Valdres.

*Vi ønsker alle
ei god og fredeleg jul*



Helsing oss i redaksjonen
Per Olav Eide
Randi I. Øraker Horge
Trine Geicke Kolbjørnshus
Veslemøy Kvamme
Lisbet Vik



Treng du eit ærend for å gå i kyrkja?

Kyrkja har ein høg dørstokk, tenkjer du kanskje. Då er du kan hende ein av dei som synest du treng eit ærend for å gå dit. Vi i kyrkja synest det er synd om du tenkjer slik. Kyrkja er der for alle, og om litt kan det hende det er den eine staden i samfunnet vårt som tilbyr stillheit, stemning, høgtid ved sida av teater og konsertar.

Tida vår blir meir og meir fullstappa, og vi i kyrkja vil minne om at vi menneska har godt av å stoppe opp i blant, sette ned tempoet og berre vera. Vi trur og at ungane våre har godt av å forhalde seg stilt til noko, lytte, lære seg til å vente, sitte stille, kanskje kjede seg, falle til ro eller lære frå ministrantane, dei fine konfirmantane våre om korleis ein ter seg i eit heilag rom.

Dette vil vi iallfall at du skal vite: Du er hjarteleg velkomen med og utan ærend! Vi har ein dyktig stab her i Vestre Slidre, som ynskjer at du skal våge å koma og vere med, ikkje minst for å vise at kyrkjene skal BLI i kulturen vår. At noko verdfullt forsvinn dersom ein kuttar arven desse bygga formidlar.

Velkomne til kyrkje!

(Treng du skyss er det berre å ringje kyrkjekontoret i åpningstida- dvs alle dagar (stort sett), minus fredag.)

KYRKJELEGE HANDLINGAR

august – desember

Døypte	Lomen sokn	04.09.2016	Ava Lulu Fretheim Kjøs (stavkyrkja)		
		04.09.2016	Emanuel Adonai Oppedal Døhl (stavkyrkja)		
		30.10.2016	Ola Dalbø		
	Slidre sokn	02.10.2016	Jonas Tvenge Ranheim		
		02.10.2016	Kari Marie Svanheld Einang		
		02.10.2016	Synne Øen Nystuen		
Vigde	Røn sokn	27.11.2016	Ingrid Haugli Lasskogen		
	Slidre sokn	19.08.2016	Lilibeth Goloso og Ole Olsen		
		08.10.2016	Kjersti Øksendal og Eivind Røe		
Jordfesta	Slidre sokn:	10.08.2016	Henny Johnsrud (Gravlagt ved Bruflat kyrkje, Etnedal)	f. 1924	
		09.09.2016	Evy Sonja Rolland	f. 1923	
		21.10.2016	Bjørnar Olav Pedersen	f. 1959	
		02.12.2016	Knut T.Kvale	f. 1930	
		Røn sokn	06.09.2016	Inger Johanne Røine (Øyjar kapell)	f. 1932
			25.10.2016	Marit Nyhagen	f. 1925
			15.11.2016	Endre Ulven (Øyjar kapell)	f. 1929
		29.11.2016	Anne Marit Ødegård	f. 1940	

Glasmåleria i Lomen kyrkje

Ikkje mange har sett kor vakre glasmåleria i Lomen kyrkje er. Dei er litt gøymt bak altaret i kyrkja, og det bør ein få gjort noko med, meiner Leif Homme. Kanskje ein kan gjere noko med altaret slik at glasmåleria vert meir synleg for kyrkjelyden. Måleria er laga av Emmanuel Vigeland i 1940 og er som eit triptyk, ei tredelt altartavle. Dei framstiller Jesu likning om den bortkomne sonen – Lukas 15, 11 – 32.



Sonen ber faren om sin del av arven og får han. *Han reiser ut i verda, lever eit vilt liv, og sløser bort alt og ender opp med å passe griser og ete det same som dei.* *Han bestemmer seg for å reise heim, og der tar faren imot han med opne armar.*

Leif fortel så levande om bilda at eg blir gripen både av forteljinga og måleria. Vi i bygda vår treng ikkje reise langt for å sjå god kyrkjekunst, og vi treng heller ikkje reise langt for å finne nokon som kan formidle det.

L.V.

**Fosheim
Sag & Høvleri as**
2960 Røn TRELAST OG BYGGEVARER Etabl. 1860

Bademiljø

- Alt i vann, varme og sanitær
- Vi er behjelpelig med utslippstillatelse
- Vi utfører gravearbeid

RØN VVS AS

RØRLEGGERMESTER TORGEIR HEGGE
RØN BUTIKKSENTER, 2960 RØN

TLF. 61 34 44 15

FAKS 61 34 45 90 - MOBIL 95 81 68 99

joker
VASET SENTERET
Kjøpesenter - Camping
2960 Røn Tlf.: 61 36 30 55 Fax: 61 36 33 55 Mob.: 41 55 99 44

RØNGARD